



Kontrollutvalet sin rapport for 2025

I samsvar med NIF si lov § 2-12 avgir kontrollutvalet i Sogndal Idrettslag Fotball sin rapport.

Kontrollutvalet skal kontrollere at styret utfører dei oppgåvene styret er tillagt etter Sogndal Idrettslag Fotball si lov.

Vi har utført følgjande handlingar:

Vi har gått gjennom protokollen for årsmøtet, styret sine protokollar, samt andre dokument som utvalet har funne det nødvendig å gjennomgå.

Vi har fått alle opplysningar vi har bede om frå Sogndal Idrettslag Fotball sitt styre og administrasjon.

Vi har gått gjennom styret sin årsrapport for 2025 og den styrehandsama årsrekneskapen for 2025.

Rekneskapen viser eit overskot på kr. 1.514.918, og ved årsavslutninga 2025 var den frie eigenkapitalen negativ med kr. 8.424.831, ei forbetring på kr. 1.514.918 frå 2024.

Basert på det materialet vi har fått førelagt, er det ikkje grunnlag for ytterlegare merknader utover det som kjem fram i denne beretninga.

Konklusjon

Det er kontrollutvalet sin konklusjon at styret har utført dei oppgåvene som det er tillagt etter lova, og kontrollutvalet tilrår at styret sin rapport og Sogndal Idrettslag Fotball sin årsrekneskap for 2025 blir godkjent av årsmøtet.

Stad: Sogndal

Dato: 03.03.2026

Karin Vikane
-leiar kontrollutvalet-

Vidar Vadseth
- medlem kontrollutvalet-